



# Årsplan 2017

## Avløyning – Landbruksvikar

Halde fram arbeidet med å rekruttere gode avløyningar til å ta oppdrag. Tilsetje landbruksvikar 50 - 100% i Hornindal og Stryn/få avtale med nokon til å ta beredskapsvakt dei vekene LV ikkje har beredskap. Prøve å få på plass avløyning i Stryn - Oppstryn/Hjelledalen og Hornindal. Vidare skal vi arbeide for å ha gode og ryddige arbeidsforhold for dei tilsette.

I ein pressa arbeidsmarknad må vi arbeide kontinuerleg med å rekruttere avløyningar. Vi må kunne tilby gode lønns- og arbeidsvilkår, dette for å kunne ha ein stabil arbeidsstokk. Delta på Jobbmesse i regi av NAV i Nordfjord.

Komme med innspel til dei lokale bondelaga og NLT, opp mot jordbruksforhandlingane.

## HMS

Vidareføre arbeidet som vi har vore i dialog med Arbeidstilsynet om:

- bruk av reviderte arbeidsavtaler
- sende ut brev/avtaleskjema for å avklare ansvarsforhold mellom bonden og Vest LT
- innføre gode rutinar for å melde avvik
- gode rutinar for å sikre opplæring til utleigde arbeidstakarar
- gode rutinar for å fylgje opp overtidsbruk
- innføre systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit

## Heimeside

[www.vest-landbrukstenester.no](http://www.vest-landbrukstenester.no)

Jobbe med heimesida, for å ha ei til kvar tid oppdatert og informativ heimeside.

## Marknadsføring

Halde fram med informasjon til både aktive, passive og eventuelle nye brukarar. Informere om våre tenester og om dei tilboda vi har til våre medlemmar.

## Diverse - Andre arbeidsoppgåver:

- gode rutinar for utlønning av avløyningar. Gjennomføre allereie i gangsett Webtemp.
- oppfølging/opplæring av avløyningar. Vurdere kurs i motorsag, varmekurs og glattkøyingskurs
- skaffe medlemmane avløyningar ved behov
- gode forsikringsordningar for medlemmane og avløyningar
- arrangere og delta på LV/avløyingskurs/administrasjon
- delta på NLT si Haust-samling og eventuelt Vår-samling
- vurdere å inngå frivillige avtaler med dei bøndene som lønner ut gjennom laget om fullmakt for autogiro dersom likviditeten vert dårlegare
- vidareføre Webtemp inkl opplæring